

# ÅRSRAPPORT 2010

## FOR

# SIMAS IKS



*I den nye strategiplan til SIMAS IKS er det presisert behovet for god og tydeleg informasjon om avfallshandteringa i regionen. Alle skulane i SIMAS-regionen vert no invitert til anlegget i Festingdalen for å sjå korleis avfallet vert handtert.*

## Innhald

1. *Eit år med store utfordringar*
2. *SIMAS i dag*
3. *Formålet med verksemda*
4. *Organisering av verksemda*
5. *Avfallsmengder*
6. *Styret si årsmelding*
7. *Resultatrekneskap*
8. *Balanse*
9. *Notar*
10. *Revisjonsmelding*

## Eit år med store utfordringar

For SIMAS vart 2010 eit år med store utfordringar. Nye og strengare krav til avfallshandsaming medførte mykje arbeid med å tilpasse drifta til desse krava.


I april gjekk dispensasjonen frå forbodet om å deponera avfall som inneheld meir enn 10% organisk materiale ut, so kalla restavfall. Denne fraksjonen utgjer ein stor del av volumet som blir handsama ved SIMAS. Lova trådde i kraft 1.juli 2009, med dispensasjon etter søknad fram til 1.april 2010. Fram til dette var det ein lang prosess med anbod på transport og brenning av avfallet. Kontraktstildeling fann stad hausten 2009, men denne måtte trekkast tilbake på grunn av at det offentlege klageorganet KOFA gav uttale som førte til at anbodsprosessen vart gjennomført på nytt. Rett før påske vart kontrakten tildelt Rekom med det resultatet at restavfallet skulle lastast om ved anlegget i Festingdalen og køyrast til Sverige for brenning der. Dette var den mest økonomiske og beste løysinga for miljøet. I løpet av kort tid vart det laga til ny plan for lasting av restavfall på deponiet, og nye rutinar kring handteringa av restavfallet vart implementert. I motsetnad til tidlegare, då restavfallet vart lagt på deponi, vert no det meste av avfallet køyrt ut av Festingdalen. Dette har gitt mykje større transportaktivitet inn og ut av området i Festingdalen. Noko som gav store utfordringar i vinter.

Samtidig med dette hadde Fylkesmannen kontrollaksjonar ved fleire av miljøstasjonane i SIMAS-regionen. Dette som ein landsdekkande kontrollaksjon kring handsaming av farleg avfall. Her vart det diverre avdekt avvik i våre prosedyrar kring mottak, lagring og vidaresending av farleg avfall

Arbeidet med å lukka avvika fortsette i 2011, og dette er eit stort og tidkrevjande arbeid for organisasjonen. SIMAS har valt å sjå dette arbeidet saman med gjennomgang av heile internkontrollsystem for verksemda. Etableringa av eit nytt internkontrollsystem vil også betre den daglege arbeidssituasjonen for dei tilsette.

I samband med at styret ønskte ein gjennomgang av handlingsplanane og strategiane til verksemda vart det satt i gang eit større prosjekt for å laga ein forretningsplan som kunne vera ei rettesnor for dei neste åra. Det vart då valt å gjennomføre dette i tett samarbeid med dei tilsette. I tillegg vart det gjennomført møter med alle formannskapa i eigarkommunane. Nokre av formannskapa var òg på besøk i Festingdalen, noko som verksemda set stor pris på. På representantskapsmøte i oktober vart ny strategiplan for SIMAS vedteke. Eit av hovudtrekka i denne planen er at SIMAS skal informere betre om sine aktivitetar og tenester, slik at me får ei god handtering av avfallet til det beste for både miljøet ,og i tillegg ei kostnadseffektiv renovasjonsløyising.

Me vil takka tilsette, samarbeidspartnarar, kundar og eigarkommunane for godt samarbeid i 2010.



Hallvard Thomassen  
Direktør


## SIMAS i dag

SIMAS er eit interkommunalt selskap eigd av kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal, med til saman 32 045 innbyggjarar.

Selskapet starta opp i 1995 og har i dag ansvaret for all handsaming av hushaldningsavfall for eigarkommunane utanom Årdal. I tillegg vert det meste av næringsavfallet frå Indre Sogn omsett gjennom SIMAS.

Kontor- og arbeidsstad er Festingdalen på Kaupanger. Her er òg miljø- og avfallsstasjon, sorteringsanlegg, komposteringsanlegg og omlastingsstasjon for restavfall. I 2010 var det 13 fast tilsette. SIMAS kjøper renovasjons- og transporttenester av renovatør- og transportselskap. Meir informasjon om SIMAS finn du på [www.simas.no](http://www.simas.no)

SIMAS har organisert verksemda innanfor tre hovudarbeidområde; innsamling, handsaming og avhending av avfall.



Korleis den enkelte abonnent oppfattar avfallsløysinga og servicenivået vil kunne variere. Spesielt med dei geografiske utfordringane som regionen har med få abonnentar med spreidd busetnad. Men her vil òg den enkelte abonnent si personlege haldning til miljø og ressursbruk spela inn. For å kunne vurdere SIMAS sin funksjon vil følgjande vera viktig;

- Kva blir henta hjå abonnentane?
- Kva må bringast?
- Avstand til returpunkt og miljøstasjon?
- Opningstider?


## ÅRSMELDING 2010 SIMAS IKS

- Fysisk utforming og estetikk?
- Gebyr og kostnader?

Dette er forhold som vert vektlagt i arbeidet med å vidareutvikla verksemda.

Abonnentane i dei ulike kommunane er fordelt slik;

**Prosentvis fordeling av abonnenta**



Fordelinga av dei ulike abonnentane viser også litt av kompleksiteten knytt til renovasjon i SIMAS-regionen. I tillegg kjem utfordringar knytt til "herrelaust" avfall frå til dømes gjennomgangstrafikk og turistar

**ÅRSMELDING 2010**  
**SIMAS IKS**

## Formålet med verksemda

SIMAS vart stifta med heimel i kommunelova § 27 på møte i Sogn Regionråd den 20. mai 1994. Frå 01.01.02 vart SIMAS endra til å bli eit IKS, heimla i Lov om interkommunale selskap.

SIMAS skal løysa eigarkommunane sine oppgåver innan avfallshandtering på best moglege måte, både økonomisk, ressurs- og miljømessig.

I arbeidet med desse oppgåvene skal òg abonnentane sine ønskje og interesser takast omsyn til.

Selskapet skal leggja særleg vekt på miljøvenleg og kostnadseffektiv drift i alle ledd av avfallshandteringa. Selskapet skal i samarbeid med kommunane informera abonnentane om drifta av selskapet.


Selskapet skal i informasjonsarbeidet leggja vekt på å gje auka kunnskap og forståing for miljøvenlege handteringsmetodar. Selskapet skal samordna kommunane sitt arbeid med å hindra avfallsproduksjon, redusera avfallsmengdene og auka utnyttinga av ressursane i avfallet. Handteringa av avfallet skal skje på basis av økologiske prinsipp samstundes som sentrale miljøkrav vert stetta. Selskapet skal vera pådrivar ovanfor eigarkommunar, lokalt næringsliv og innbyggjarar innan avfallsområdet.

Eigar- og ansvarsdel i selskapet:

Kommune	Folketal 01.01.10	% eigardel	Folketal 31.12.10	% eigardel	Andel av total gjeld 31.12.10	Andel av langsiktig gjeld 31.12.10
Aurland	1682	5,25 %	1689	5,23 %	kr 2 281 272,55	kr 1 799 692,27
Balestrand	1344	4,19 %	1343	4,16 %	kr 1 814 549,48	kr 1 431 495,19
Høyanger	4256	13,28 %	4280	13,25 %	kr 5 779 514,59	kr 4 559 449,82
Leikanger	2182	6,81 %	2225	6,89 %	kr 3 005 347,58	kr 2 370 913,90
Luster	4945	15,43 %	5023	15,55 %	kr 6 782 751,08	kr 5 350 901,48
Lærdal	2199	6,86 %	2224	6,88 %	kr 3 000 985,69	kr 2 367 472,81
Sogndal	7035	21,95 %	7160	22,17 %	kr 9 670 327,42	kr 7 628 905,84
Vik	2768	8,64 %	2758	8,54 %	kr 3 725 060,72	kr 2 938 694,45
Årdal	5634	17,58 %	5601	17,34 %	kr 7 563 530,79	kr 5 966 857,34
SUM	32045	100,0 %	32303	100,0 %	kr 43 618 978,00	kr 34 410 942,00

## Organisering av verksemda

Selskapet sitt øverste organ er representantskapet. Eigarkommunane vel ni medlemmar til representantskapet. Styret har fem medlemmer og tre varamedlemmer, valde av representantskapet. Direktøren står ansvarleg for den daglege drifta av SIMAS.



### Representantskapet

Representantskapet skal sjå til at selskapet vert drive etter føremålet, selskapsavtalen og i samsvar med lover og vedtekter. I 2010 handsama representantskapet dei faste sakene etter selskapsavtalen.

### Styret

#### Styret har hatt følgjande medlemmer i 2010

- Jøril Hovland, Sogndal kommune, leiar
- Stein Olav Njøs, Luster kommune, nestleiar
- Jan Roy Dalheim, Årdal kommune
- Åge Skrede, Balestrand kommune
- Edith Valeberg Eggum, Leikanger kommune

#### Varamedlemmer:

1. Eivind Rinde, Vik kommune
2. Margunn Hylland, Aurland kommune
3. Alf Magne Hjellum, Lærdal kommune


## ÅRSMELDING 2010 SIMAS IKS

Styret har hatt 7 møter i 2010, der eit av møta var styreseminar i lag med dei tilsette. Styret har handsama 54 saker. Dei viktigaste sakene utanom årsmelding, rekneskap, budsjett og investeringsplan var tilsetjing av direktør og ny strategiplan.

I styremøta utgjer referatsakene med orientering frå administrasjonen til styret om drifta om lag halve møtetida. Det vert her særleg fokusert på dei områda på drifta og i administrasjonen som har avvik frå ordinær drift. Denne delen av møta er styret si viktigaste kjelde for å sjå til at selskapet vert drive på ein god måte.

### Organisasjon

SIMAS har i 2010 13 fast tilsette. I tillegg er det leigd inn ekstra ressursar for å kunne handtere forskjellig prosjekt. Organisasjonskart pr 31.12.10 ser slik ut;



Samla sjukefråvær var i 2010 på 4,48 %, mot 3,9 % i 2009. Av dette utgjer langtidssjukefråværet 3,9 %.



## ÅRSMELDING 2010 SIMAS IKS

### Avfallsmengder

Totalt gjekk avfallsmengda som SIMAS handterer ned med 5,5 % til 19.718 tonn. I 2009 vart det handsama totalt 20.885 tonn. Av dette utgjer avfall frå hushald 66 %. I alt leverte kvar innbyggjar i SIMAS-regionen 337 kg hushaldningsavfall.


SIMAS tok i mot 2.147 tonn våtorganisk avfall i frå Vanylven kommune og Nordfjord Miljøverk (NoMil) til handsaming i kompostanlegget i Festingdalen.

Hovudtalla for dei ulike avfallstypene er som følgjer;

Typar avfall	År 2010	År 2009	År 2008	År 2007	År 2006	År 2005
Restavfall	6340	7129	7513	7411	7625	7840
Våtorganisk avfall	4853	5013	4989	4784	3778	4497
Papp/papir	2254	2367	2569	2534	2448	2329
Husholdningseballasje	30	23	28	38	120	106
Plastemballasje - næring og landbruk	106	126	97	110	68	49
Glas/metall	268	293	274	260	273	391
Skrap	854	701	640	561	372	630
Reint treavfall, park og hageavfall	349	347	377	354	231	226
Blanda treavfall	1463	1873	1322	917	783	565
Klede	84	80	80	60	54	40
Kuldemøblar	83	38	60	70	86	36
EE-avfall	232	145	264	230	261	232
RENAS avfall	96	167	117	187	95	125
Asbest	95	28	41	80	9	53
Farleg avfall	85	172	155	163	90	59
Trykkimpregnert trevirke	100	121	109	100	77	61
Oljehaldig sand	0	14	1	9	64	37
Sandblåsingsavfall	101	154	0	0	0	0
Avvatna slam	1125	1630	1680	1553	1134	1908
Råslam	0	308	402	259	674	616
Oksidslam	0	0	0	0	0	0
Dekkmasse	1202	154	733	6585	6327	1685
Til saman	19718	20883	21451	26265	24569	21485

Hovudmengdene av avfallet vert transportert inn til Festingdalen med renovasjonsrutene. Dette fordeler seg som følgjer;


### Fordeling av innsamla avfallsmengder på renovasjonsrutene



### Gjenvinning

Av dei totale avfallsmengdene, eks dekkmassar, som vart handsama ved SIMAS sitt anlegg i Festingdalen vart 91 % gjenvunnet eller behandla her og sendt vidare til anna sluttbehandling hjå andre aktørar i avfallsbransjen.

I år 2009 var andelen til gjenvinning 65 %. Dette omfattar både materialgjenvinning og anna gjenvinning, inkludert energigjenvinning. Aukinga skuldast deponiforbodet som vart innført i april 2010. Samla gjenvinning er vist i blått:



## **Kvifor restavfall til Sverige?**

Etter at det vart innført forbod om deponering av restavfall i Noreg, gjennomførte SIMAS, i lag med fleire andre interkommunale selskap ein anbodsrunde om bortkøyring av restavfall. Anbodskonkurransen måte gjennomførast i samsvar med Lov om Offentleg anskaffing. I desse anbodskonkurransane vert det stilt krav til både kostnader og miljøeffektar.

Ved å sende restavfallet til Sverige sparar ein miljøet for store biverknader. For kvart lass som vert sendt til Sverige sparar ein om lag 1.750 liter olje i høve til å sende dette til for eksempel Bergen. Då har ein teke omsyn til både transport og virkningsgrad i forbrenningsanlegga. Med SIMAS sitt volum vert dette ein reduksjon i bruk av olje på om lag 455.000 liter per år.

Men det er også viktig å ha med seg at energigjenvinning er ein dårligare avfallsløysing i fylgje avfallshirarkiet. Reduksjon i restavfallsfraksjonen er difor eit godt tiltak. Dette kan alle bidra med ved å kjeldesortere best mogeleg.

## Styret si årsmelding

### Om verksemda

SIMAS er eit interkommunalt selskap eigd av kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal, med til saman 32 045 innbyggjarar. Selskapet starta opp i 1995 og har i dag ansvaret for all handsaming av hushaldningsavfall for eigarkommunane utanom Årdal. I tillegg vert det meste av næringsavfallet frå Indre Sogn omsett gjennom SIMAS.

Kontor- og arbeidsstad er Festingdalen på Kaupanger.

### Resultatet

Omsetninga i selskapet i 2010 var på 51,1 millionar kroner, dette er 0,5 millionar kroner lågare enn i 2009. Resultatrekneskapet syner eit samla overskot på kr. 1.6 millionar kroner, dette er 0,2 millionar kroner lågare enn i 2009.

Eigedelar, eigenkapital og gjeld er pr 31.12.10 på 57,3 millionar kroner, der lånegjelda utgjer 33 millionar kroner, mot 37 millionar kroner pr 31.12.09. Det er i 2010 ikkje teke opp nytt lån. SIMAS har ei låneråme på 50 millionar kroner, gitt av eigarkommunane.

Styret meiner at årsrekneskapen gir eit rett bilete av SIMAS sine eignelutar og gjeld, finansiell stilling og resultat. Føresetnaden for fortsatt drift er til stades, og årsrekneskapet for 2010 er sett opp under denne føresetnaden

### Disponering av overskott

Overskotet på 1,6 mill vert lagt til selskapet sin eigenkapital.

### Finansielle investeringar

Verksemda har ein investeringsstrategi med låg risiko. Midlane selskapet har er plassert i pengemarknaden, og i aksjar i verksemdar knytt til drifta av verksemda. Av samla midlar utgjer akseposten om lag 2 %.

### Arbeidsmiljø og personale

SIMAS har i 2009 hatt 13 fast tilsette. I tillegg har det vore leigd inn ekstra personalressursar i samband med gjennomføring av prosjekt og ved langtidssjukmelding.

Det samla sjukefråveret var i 2010 på 4,48 %. Av dette utgjer langtidssjukefråværet 3,90 %. Det vart ikkje registrert yrkesskadar eller yrkessjukdom som førte til fråvær.

SIMAS IKS har som mål å vera ein arbeidsplass der det skal vera full likestilling mellom kvinner og menn. Tradisjonelt har det vore få kvinnelege søkjarar til våre stillingar, særleg når det gjeld utedriften. Pr i dag har me 3 kvinner og 3 menn tilsett i administrasjonen. Det er 7 menn tilsett i utedriften.

## ÅRSMELDING 2010 SIMAS IKS

### Ytre miljø

Selskapet har fleire aktivitetar for å halde skadedyr borte frå hovudanlegget i Festingdalen. Flygeavfall vert jamleg rydda bort frå nærområdet, og dei tilsette har årleg ryddeaksjon langs vegen ned til hovudvegen.

I 2010 vart fyrste trinn i eit nytt reinseanlegg for sigevatn og overflatevatn frå området teke i bruk. Anlegget er planlagt i fleire trinn, og vert utbygd i etappar. Dette for å kunne evaluere effekten av tiltak som vert gjennomført. Sigevatnet hadde i 2010 same karakter som året før. Fyrste trinn er ikkje ferdig evaluert. Totalutsleppet var om lag som i 2009.

Det er installert system for oppsamling av deponigassar og den innsamla gassen vert avfakla i eige anlegg.

### Framtida

Hausten 2009 utarbeida styret, saman med dei tilsette, ein strategiplan for perioden 2011-2013. Denne strategiplanen tek utgangspunkt i dei overordna krav som vert sett til verksemda, i tillegg til dei lokale utfordringane som regionen har innan avfallshandsaming.

Styret meiner at strategiplanen tek omsyn til dei framtidige krav verksemda står framfor, men ein må òg vurdere om det fins moglegheiter for meir lokal verdiskaping med utgangspunkt i dei ressursane verksemda samlar inn. Dette er ein av dei tinga styret vil arbeide vidare med. Når det gjeld den daglege drifta har verksemda følgjande hovud utfordringar;

- Kontinuerleg informasjon for å halda oppe og endra haldningane til folk, slik at det å tenkje mindre produksjon av avfall og meir gjenbruk og gjenvinning vert naturleg og ein del av kvardagen
- Fylgja opp ordningane hjå abonnentane og handsama søknader frå abonnentane både rettferdig og raskt
- Auka gjenvinningsgraden av avfallet som SIMAS tek imot og handterer


Styret vil takke dei tilsette og samarbeidspartnarar for godt samarbeid.


Kaupanger 18. mai 2010

  
Jøril Hovland  
Styreleiar

  
Stein Olav Njøs  
nestleiar

  
Åge Skrede  
styremedlem

  
Edith Valeberg Eggum  
styremedlem

  
Jan Roy Dalheim  
styremedlem

  
Hallvard Thomassen  
Direktør